

DRONNINGA STIG I LAND PÅ VAKSDAL

Trygve Hvidsten

Det var ein strålande fin sumardag. Fjorden blank og still, der dei grøne bratte liene spegla seg. Saman med nokre kameratar hadde eg kome meg over det høge gjerde som «mølla» hadde satt opp, for å halde oss born borte frå Nyekaien. Komne ned på kaien, klatra me opp på taket av eit materialskur som var bygd innåt det kvitmåla «slangehuset» som den tid stod på sørenden av «Nyekaien».

Vi skulle spel Gnav. Å du for eit hell eg hadde denne dagen. Både Gjøken og Dragonen ver millom Gnava eg hadde fenge utdelt. Dette såg lovande ut. Spelet hadde so vidt teke til, då ein av gutane ropa: « Sjå dar». Og kva fekk me sjå ? Jau innanfor Litlasundet kom det for full fart to kvitmåla livbåtar, eller sjaluppar, som det heiter i slike høve. Båtane hadde flagg på den vesle flaggstonga akter, og det var ikkje norsk, etter det me kunne sjå. Båtane heldt kurs rett mot Hausvikkaien, og gløymd vart både Gjøken og Dragonen, for her var andre ting å vera med på, må vita. Ned frå skurtaket med oss, opp frå Nyekaien og over gjerdet igjen, og i fullt sprang ned til Hausvikkaien.

Vi trudde båtane ville legge til attved den beste kaien, men nei du. Båtane sette kursen mot den skrale steinkaien på sørsida, der det knapt nokk var ei ordentleg trapp å kome seg opp i. Men her var det at dronning Wilhelmina av Holland steig iland, i det Herrens år 1921.

No hadde det seg slik at akkurat på den enden av «Kaiarhuset» der var «Vetlahuset». Som den aktive og intreserte person ho var , så måtte ho opna døra og «titte» inn, kan hende ho trudde vi dreiv med gjess, eller kalkuner ? Ho trekte seg heller fort attende, då ho fekk syn for kva huset vart nytta til.

So skrei dronninga med fylje sitt oppetter «Kaiavegen». No er eg diverre ikkje god nok til å hugse om ferda gjekk over Mylnabrekkå, jernbanebrua, Haldorsbrekka, eller om ferda gjekk om Parken, Vaksdalsgarden, Siribrekka, Krekane og attende over Jamne. Det som er heilt sikkert er at etter ein rundtur i bygda, var dronninga med fyljet sitt komen fram der den nye sjuke og pleieheimen no er. Her var det eit vegkryss, omlag som no. Eine vegen gjekk innover mot Nethovdane, den andre opp og over Jamneflaten. I dette vegkrysset var det ei stor grind, kalla Nilsaporten. Her inne med Nilsaporten hadde smågjentene laga seg leikestove, og her var dei og leika, også denne dagen. Her var nok ikkje mykje av fine leikesaker, men ei av gjentene hadde ei dokke med celluloid hode. For at denne dokka skulle overleve til nye brukarar hadde ein eller anna funne på å fylle hodet med sementblanding. Dokka

vart nok litt tung i hode, det er so, men ennå meir tenleg for smågjentene. Leika dei mor og barn, ja so var dokka barnet, hadde dei bruk for ein hammar, ja so vart dokka nytta som hammar, og difor vart dokka stakkars, kalla "Hammaren". Dronninga vart svært inntressert i denne kombinasjonen leikety/verkyt og industriministeren fekk truleg nye tips for «attåttnæring» i Holland.

Men smågjentene hadde meir, som intreserte Wilhelmina og fylgje hennar. Før i tida voks det langs grøftkantane nokre store grøne blad. Rota på blada var ein kraftig rund klump, omlag 2 cm, i diameter. Utfrå denne rotklumpen voks ei mengd med tynne rottrevlar. Planten var lett å få opp av jorda, med heile rota, og av denne rotklumpen, med alle trevlane, laga smågjentene dei finaste dokker. Rottrevlene vart fletta, akkurat slik som mor gjorde nissefletter på gjentene sine. Dei store grøne blada, vart stilege skjørt. No sat der ei heil rad av slike nyfriserte dokker med nissefletter på muren i leikestova. Dronninga var full av undring over kva norske barn kunne finne på, og truleg vart landbruksministeren spurd om ikkje denne planten kunne førast inn til Holland. Etter det eg veit er det ikkje kome søknad om dette. Truleg har landbruksministeren vorte redd for at denne kraftige planten kunne komme til å gjera skade på den hollandske tullipan, og det ville vore ille. Her må me få med oss at desse småjentene som leika attved Nilsaporten den dagen, ikkje hadde peiling på at det var dronninga av Holland som var gjest i leikestova. Det fekk dei fyrst vite etterpå.

Medan dronninga studerte heimeindustri på Jamne, hadde me gutane funne oss ein båt, og me rodde alt me vann for å koma over til Litlasundet. Å du for eit syn som møtte oss, då vi kom gjennom sundet. Der låg dronningsskipet for anker. Bar ikkje båten namnet «Merope». Pryda med flagg låg skipet der på den stille fjorden. Fin musikk høyrdes ut frå opne ventilar. Men det som tok oss gutane mest, var at i styrbords side på skipet, var der ei stor open dør, og ut gjennom denne døra strøymde det herlege lukter av mat. Det var nok stuerten som var i arbeid med dronningmiddagen. Me rodde så nær døra som me kunne, og med eitt var der ein der innefrå som kasta ut eit knippe med julebrødiskiver til oss. Det var så tett med rosiner i skjevene at du kunne ikkje sette ein finger ned nokon stad utan at du råka ei rosin. Me tok ein runde til inn under døra, og ei ny sending julebrødiskiver dala ned i båten til oss.

No såg det ut til dronninga var ventande att til skipet. Døra vart stengd, og me la på heimveg.

Korleis opplevde så dronning Wilhelmina Norge? Ja det skal me høyra om til slutt. Frå dronninga si bok «Ensom men ikke alene» hentar vi dette: «Jeg vil ikke forsøke å beskrive dette storslagne land med det's uendelige variasjon. Dets sol og praktfulle skyer,... Av og til ble jeg så overveldet at jeg ikke orket å reise videre, men lot de andre dra. Mennesket kommer sin skaper så nær i slike omgivelser. Jeg fikk anledning til å samle store krefter til alle oppgavene som ventet meg hjemme. Etterpå gikk jeg til oppgaven med et lyst og styrket sinn».